

SPRÅKRÅDET  
Postboks 1573 Vika  
0118 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 23/00258-102

13.10.2023

Ark.: 008

## Svar på høyring om framlegg til endringar i utfyllande reglar for skrivemåten av norske stadnamn

Kartverket viser til Språkrådets høyringsbrev, motteke 17. august 2023. Kartverket, ved matrikkel- og stadnamnavdelinga har fylgjande kommentarar til høyringsforslaget.

### Generelt om oppsettet

Kartverket er positive til dei fleste endringane i struktur som Språkrådet no føreslår for *Utfyllande reglar for skrivemåten av norske stadnamn* (heretter: *dei utfyllande reglane*), som gjer teksten både lettare å manøvrera og finna fram i, og som gjer det lettare å referera til konkrete tekstpassasjar. Dette gjeld særleg utvida bruk av nummerering og underoverskrifter i dei ulike bolkanane.

I dei utfyllande reglane er det, i tillegg til rettskrivingsformer, ført opp døme på både regionale former og lokale dialektformer. Rettskrivingsformer og regionale former har lik status etter § 3 fyrste ledd i forskrift om stadnamn, medan lokale dialektformer kan brukast når særlege grunnar talar for det. Skiljet mellom rettskrivingsformer og regionale former på den eine sida og lokale dialektformer på den andre bør koma tydelegare fram i oppsettet, slik at det vert klarare for folk som ikkje er godt inne i lovverket at lokale dialektformer berre kan nyttast unntaksvis i normeringa av stadnamn. Dette kan gjerast gjennom t.d. å gje punkta som føreset «særlege grunnar» ein annan type nummerering, mindre skrift eller liknande.

### Endringsframlegg og merknader frå Kartverket

Gjennomgangen nedanfor fylgjer nummereringa av dei ulike bolkanane og avsnitta i høyringsnotatet frå Språkrådet, men er avgrensa til framlegga der Kartverket faktisk har merknader.

Framlegg til endra ordlyd frå Kartverket er markert med feit skrift. Der Kartverket føreslår å stryka noko, er stroken tekst markert med feit skrift i tilstøytande ord.

#### 1.3

«Ei skriftform som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, vil seie at allment kjende ord skal ha ei form som kan kjennast att.»

Kartverket føreslår:

«Ei skriftform som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, vil seie at allment kjende ord **og namneledd med ein kjend etymologi** skal ha ei form som kan kjennast att.»

Grunngjeving: Føremålsparagrafen i lov om stadnamn lyder slik: «Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.»

Ordlyden i lova innsnevrar ikkje kriteriet om at «skriftforma ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet» til å berre gjelda namnelekkar som består av ålment kjende ord. Skriftforma bør heller ikkje skyggja for meiningsinnhaldet til dialektord, mindre kjende ord eller fagord i norsk, som folk kan finna t.d. i Norsk Ordbok, i Det Norske Akademi's ordbok eller i faglitteratur. Desse orda finst nemleg som ein mellomkategori mellom «allment kjende ord» på den eine sida og «utdøyde eller uklare språkelement» på den andre. Andre ord og namnelekkar med ein kjend etymologi bør òg så langt råd få ei form som er attkjennande, t.d. for språk- eller namneinteresserte som slår opp i ordbøker og oppslagsverk, t.d. *rud* for /ru:/ eller /ro:/. Ordlyden «og namneledd med ein kjend etymologi» bør difor stå uttrykkjeleg for å dekkja desse tilfella.

Kartverket stør elles endringa til ordlyden «...skal ha ei form som kan kjennast att.»

### 1.3

«Der eit stadnamn gjennom den nedervde lokale uttalen har fått ei ny tyding som er i strid med etymologien (for eksempel *Røynestad/Røynesdal*), vil ei vurdering avgjere om ein skal basere seg på den eldre eller den moderne tydinga.»

Kartverket føreslår:

«Der eit stadnamn gjennom den nedervde lokale uttalen har fått ei ny tyding som er i strid med etymologien (for eksempel *Røynestad/Røynesdal*), **blir det eit skjønsspørsmål** om ein skal basere seg på den eldre eller den moderne tydinga.»

Grunngjeving: Her gjev den gamle ordlyden betre meining og er lettare å skjøna.

### 1.4

«Dette omgrepet står da i motsetnad til nyare uttaleformer.»

Kartverket stør endringa. «nyare uttaleformer» er lett å skjøna, og gjev ei betre avgrensing enn den gamle ordlyden.

### 1.6

«Ein må tolke lova og forskrifta slik at etablerte stadnamn ikkje automatisk skal endre skrivemåte om det ordet som ligg til grunn for eit namn eller eit namneledd, får ny skrivemåte ved ei rettskrivingsendring.»

Kartverket føreslår:

«Ein må tolke lova og forskrifta slik at etablerte stadnamn ikkje **treng** endre skrivemåte om det ordet som ligg til grunn for eit namn eller eit namneledd, får ny skrivemåte ved ei rettskrivingsendring.»

Grunngjeving: Kartverket forstår det slik at Språkrådet sitt framlegg til ordlyd «ikkje automatisk skal» her er meint som «ikkje nødvendigvis skal», men Kartverket meiner Språkrådet sitt framlegg til ordlyd gjev for sterke føringar om at det nesten alltid skal gjennomførast endring av aktuelle stadnamn når det kjem rettskrivingsendringar. Dersom ein i staden skriv «ikkje treng», vil det opna for at ein kan endra skrivemåte av aktuelle stadnamn etter ei rettskrivingsendring, men utan at det vert lagt for sterke føringar for det.

### 1.7

«Ei rettskrivingsform er ei skriftform som er i samsvar med den gjeldande offisielle rettskrivinga. I nokon mon kan ein også akseptere eldre rettskrivingsformer i bokmål eller nynorsk etter 1938 som har normeringstradisjon.»

Kartverket føreslår:

«Ei rettskrivingsform er ei skriftform som er i samsvar med den gjeldande offisielle rettskrivinga **i bokmål og/eller nynorsk**. I nokon mon kan ein også akseptere eldre **rettskrivingsformer etter** 1938 som har normeringstradisjon.»

Grunngjeving: Den gamle ordlyden i fyrste setning bør behaldast, slik at presiseringa av at det kan gjelda både gjeldande bokmåls- og nynorskrettskriving, vert ståande der. I den etterfylgjande setninga vil det då vera klart at det framleis dreiar seg om bokmål eller nynorsk.

### 1.9

«Bruk av skrivemåtar som i større eller mindre grad er talemålstilpassa, må ha som føresetnad at dei aktuelle ordformene er nytta i vanleg daglegtale i området som appellativ, adjektiv og så vidare.»

Kartverket føreslår:

**«Viktige faktorar i denne samanhengen er konsekvens og einskap. Det vil seie at same ordet eller same målmerket som hovudregel blir skrive likt innanfor same dialektområdet/kommunen.»**

Grunngjeving: Kartverket deler ikkje vurderinga i det nye punkt 1.9 som Språkrådet fører opp. Utgangspunktet for normering bør vera den nedervde, lokale uttalen av det aktuelle stadnamnet, og ikkje ei gransking av om «dei aktuelle ordformene er nytta i vanleg daglegtale i området som appellativ, adjektiv og så vidare.» Slik informasjon vil vera vanskeleg å undersøka, og det vil kunna variera mellom ulike generasjonar, mellom ulike delar av kommunen, i tillegg til individuell variasjon. Kartverket kan heller ikkje sjå at slik informasjon har direkte relevans for eit stadnamn, anten namnet inneheld ord som er nytta i vanleg daglegtale eller ikkje. Stadnamn kan òg innehalda ord som ikkje lenger finst i dialekten, eller den nedervde uttalen av eit ord kan ha ein annan uttale i namnet enn det som er brukt i dialekten i dag når det same ordet vert nytta som appellativ.

På den andre sida ynskjer Kartverket at konsekvens og einskap framleis vert nemnde som viktige faktorar. Kartverket erfarer at det er ei forventning i publikum til konsekvens i

skrivemåten mellom ulike namn, og standardisering av namneverket er både eit behov samfunnet har og noko som er ein grunntanke bak at me har ei lov og eit regelverk for normering av stadnamn. Dette kan ein lesa ut av t.d. § 4 tredje ledd i lov om stadnamn, som fastset at skrivemåten i primærnamnet skal nyttast i avleidde namn, § 7 fjerde ledd, som fastset at det kan gjerast samlevedtak innanfor det same administrative området, § 1 tredje ledd i forskrift om stadnamn, som fastset at ein i nye namn skal til omsyn til lokale, nedervde stadnamn i nye stadnamn, og § 3 fyrste ledd i forskrifta, som introduserer og framhevar regionale samleformer (framfor lokale dialektformer). Tanken om einskap og konsekvens i skrivemåten kjem òg fram heilt uttrykkeleg for samiske namn i § 4 siste ledd i forskrift om stadnamn.

Det er elles eit vanleg prinsipp og ideal for forvaltninga at like saker skal handsamast likt, noko som òg bør gjelda for forvaltninga av stadnamn, og då nærmare bestemt like namnelekkar i eitt og same geografiske område. Kartverket meiner difor at både intensjonen med lova og sjølve lov- og forskriftsteksten gjev Språkrådet god dekning for framleis å vektleggja «konsekvens og einskap».

## 2

«Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform og bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen i området. Sjå òg punkt 6 om samansette namn.»

Kartverket føreslår:

«Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform og bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale **uttalen**.»

Grunngjeving: Teksten «i området» er overflødig når det like føre står «den nedervde **lokale uttalen**.» Punkt 6 gjeld samansette namn, medan punkt to gjeld kjønn, tal og form. Tilvisinga til punkt 6 bør fjernast. Sjølv om eit nærskyldt emne er omtalt der, gjeld punkt 6 eit anna emne, og det bør ikkje stå krysstilvising, som gjer teksten tyngre å lesa. Bortfall av t.d. bunden form er òg ein konsekvens av den nedervde, lokale uttalen, og ei eiga tilvising til dette her tilfører ikkje teksten noko nytt.

## 3.1

«I ord der ein i rettskrivinga har val mellom diftong (*stein, straum*) og monoftong (*sten, strøm*) skal ein som hovudregel følgje dialektuttalen.»

Kartverket ser argument både for og imot endringa Språkrådet føreslår. Kartverket går ikkje inn for ein bestemt ordlyd i nye punkt 3.1, men vil leggja fram fylgjande moment som Språkrådet gjerne kan ta med i vurderinga:

1. Normeringspraksisen i Østerdalen og Østfold er å normera namn med diftong/monoftong etter rettskrivinga.
2. Normeringspraksisen i Trøndelag er å normera namn med diftong/monoftong etter den nedervde, lokale uttalen, sjølv om skrivemåten ikkje er i tråd med rettskrivinga.
3. Språkrådet sitt framlegg vil innebera at normeringspraksis i Trøndelag ville måtta endrast frå den praksisen som har vore der over lengre tid. Den gamle ordlyden vil vareta både tidlegare normeringspraksis i Trøndelag og på Austlandet, slik at gjeldande praksis kan vidareførast baa stader.

4. Den andre setninga i dei gjeldande utfyllande reglane seier at ein skal bruka diftong dersom monoftongeringa har gjeve eit resultat som ikkje samsvarar med vanleg rettskriving. Ei tolking er at denne setninga er ei utfylling til fyrste setning. Andre setninga legg då føringar for fyrste setninga. Former som ikkje er i rettskrivinga, t.d. *gjet* og *klev*, kan då ikkje nyttast.
5. Ei anna tolking er å sjå setningane kvar for seg. Den fyrste setninga tek då for seg eldre monoftongering, der mellom anna *stein* og *geit* har vorte til *sten* og *gjet*. Den andre setninga tek for seg nymonoftongering, der mellom anna *stein* og *straum* har vorte til *stæn* og *strô:m*. Ei slik tolking tilseier at ein skal fylgja dialektuttalen i fyrste tilfelle, men rettskrivinga i andre. Døma i fyrste setning er ikkje i same monoftongeringsområde som døma i andre setning.
6. Det er meir einskapleg å normera namn med diftong/monoftong etter rettskrivinga. Å opna for diftong/monoftong etter uttalen vil føra til fleire ulike skrivemåtar av same namnelekk.
7. Den nye formuleringa av 3.1 skapar problem for normering av namn som til dømes /je:tste:n/ (*geit* + *stein*). Nye 3.1 kan resultera i *Geitsten*, ein skrivemåte med og utan diftong, sjølv om både ledd har /e:/ som rotvokal. Alternativet *Gjetsten* er i tråd med uttalen og gamle 3.1, men ikkje med nye 3.1. Alternativet *Geitstein* er ikkje i tråd med dialektuttalen.
8. Å normera monoftongerte namneledd etter dialektuttalen kan skyggja for meiningsinnhaldet i mange namn. Dersom namna vert normerte etter rettskrivinga, kjem meiningshaldet klart fram.
9. Det er noko tilfeldig kva for monoftongerte former som er tekne inn i rettskrivinga. I språkssystema som har monoftongering, er derimot monoftongeringa gjennomført.

Uavhengig av om tillegget «i rettskrivinga» vert teke inn, bør Språkrådet klargjera forholdet mellom dei to setningane, sjå kommentarane i punkt 4 og 5.

### 3.2

Språkrådet føreslår å stryka «Når særlege grunnar talar for det (jamfør 1), kan ein nytte skrivemåtar med dobbelt konsonant i samsvar med dialektuttale med kort rotvokal (t.d. *håggån* for /håg:ån/).»

Kartverket føreslår:

**«I jamvektsformer kan rotvokalen og den trykklette vokalen i andrestavinga skrivast i samsvar med den nedervde, lokale uttalen. Den intervokaliske konsonanten kan skrivast lang eller kort på same måten (*hag(g)an, håg(g)ån, stug(g)u, ståg(g)å*).»**

Grunngjeving: Bruken av dobbeltkonsonant har vore rekna som regional samleform i tidlegare regelverk, og det har vorte praktisert i normeringa av stadnamn i Trøndelag, men ikkje på Austlandet. Dette dialekttrekket oppfyller vilkåra for regional samleform ut frå nye punkt 1.8 i dei utfyllande reglane, sidan det er brukt over eit større område og har ein skrifttradisjon i namnenormeringa. Det bør difor handsamast likt som andre jamvektsformer. Kartverket føreslår difor at denne regelen vert beholden og handsama som ei fullverdig regional samleform. Framlegget vårt til ny ordlyd er basert på det som tidlegare stod i kommentarane til den gamle forskrifta om skrivemåten av stadnamn.

### 3.5

«Uttalen med tjukk l av gammalnorsk l skal elles skrivast med l.»

Kartverket føreslår: «Uttalen med tjukk l av gammalnorsk l **skal skrivast** med l.»

Grunngjeving: Tjukk l av gammalnorsk l er ikkje omtalt tidlegare, og «elles» kan difor strykast.

### 3.6

«I område med uttalen dn for rn kan skrivemåten dn nyttast når særlege grunnar talar for det.»

Kartverket føreslår: (bør strykast)

Grunngjeving: Dette dialekttrekket kan til liks med andre lokale dialektformer nyttast når særlege grunnar talar for det, utan at dette dialekttrekket bør framhevast særskilt. Til dømes kan det ikkje samanliknast med -rn- Kartverket føreslår: -nn-, som har mykje sterkare innarbeidd normeringspraksis og større folkeleg støtte. Bruken av -nn- for -rn- er òg mindre problematisk normeringsmessig sidan -nn- oppfører seg likt i alle stoder, medan ein ofte har overgangen -dn- Kartverket føreslår: -nn- føre konsonant i område med -dn-, noko som lagar problem for normeringa av same namnelekk i ulike stoder.

### 3.7

«I område med uttalen gv for gammalnorsk hv skal til vanleg gv nyttast (*Gvam, gvit*).»

Kartverket stør endringa. Det er eit framsteg om skrivemåten gv får same status ved normering som hv og kv, og det gjer det klarare kva ein normalt bør landa på i saker som inneheld denne lydsekvensen.

### 3.8

«Når dialektar har bevart namneledd med uttale som ligg nær norrøne former, men utanfor gjeldande rettskriving, kan det visast i skrivemåten. Er uttalen /strånn/, kan skrivemåten til dømes vere *strond* (norrøn form *strōnd*) eller *strand* (gjeldande rettskrivingsform). Er uttalen /lid/, kan namneleddet skrivast *lid* (norrøn form (*h*)*lið*) eller *li* (gjeldande rettskrivingsform).»

Kartverket føreslår:

**«Nedervd, lokal uttale som har nær samanheng med gammalnorske former, kan brukast (*lid* for *li*, *strond* for *strand*).»**

Grunngjeving: I kommentarane til forskrifta, som galdt fram til dei vart avløyste av dei utfyllande reglane i 2018, stod det fylgjande: «Dialektformer som har nær samanheng med gammalnorske former, kan brukast (*lid* for *li*).» Kartverket meiner at det gjev ein klarare måte å uttrykkja dette punktet på. Men sidan det er den nedervde, lokale uttalen som skal vera utgangspunktet for normering, jf. § 4 fyrste ledd i lova, bør det i staden for «Dialektformer» stå «Nedervd, lokal uttale».

### 3.9

«Moderne ø for gammalnorsk o/ø

Når særlege grunnar talar for det (jamfør 1.9), kan ø for gammalnorsk kort o og ɔ brukast i samsvar med uttalen, til dømes *ødde* og *vøll* i staden for *odde* og *voll*.»

Kartverket føreslår: (bør strykast)

Grunngjeving: Kartverket går imot denne endringa, som undergrev hovudregelen i § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn, som fastset at «[s]krivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk». Ei føresegn om at kort o og ɔ i gamalnorsk skal kunna skrivast ø, står direkte i strid med det rettskrivingsprinsippet i norsk som seier at kort o og ɔ i gamalnorsk skal skrivast som o i moderne norsk. Dette er eit prinsipp om å bruka etymologisk skrivemåte i norsk, i motsetnad til ortofon skrivemåte. Korte o-ar vert ikkje realisert som rein o i dei fleste norske dialektar, men som /ò/, /å/, /ö/, /ø/, /ʌ/, /e/, /œ/ eller ymse andre mellomvokalar, og det ville utfordra hovudprinsippet for normering i § 4 dersom denne regelen vart teken inn i dei utfyllande reglane. I tillegg vil det kunna koma i konflikt med dei to omsyna som gjeld skrivemåten i § 1 i lova, nemleg det som står om at skriftforma skal vera praktisk, og at skriftforma ikkje skal skyggja for meiningsinnhaldet i namnet.

Det er eit innarbeidd ortografisk prinsipp i norsk at ein lèt o representera den talemålsvariasjonen som finst for korte o-ar i norsk, og det ville innebera eit blandingsystem dersom nokre av desse uttalevariantane delvis vert representerte med ø, medan andre venteleg framleis vil verta representerte med o, og ikkje til dømes med å.

Det er her verdt å vera merksam på at uttalen av korte o-ar med t.d. /ø/ er ein generell fonologisk regel i dei dialektane som har slik uttale. Bruken av o i eitt namn i skrift og ø i eit anna namn vil soleis ikkje reflektera at dei har ulik uttale hjå den same språkbrukaren, men at ein har fylgt to ulike normeringsprinsipp, slik at ein vil skapa eit kunstig skilje i skrift som ein ikkje finn att i talemålet. På den andre sida vil skrivemåtar med ø tvinga fram ein ø-uttale hjå dei som ikkje har slik uttale naturleg i talemålet sitt, noko som vil gje namn samansette av heilt vanlege norske ord ei framand form for dei som ikkje har ø-uttale i dialekten sin. Det vil ta bort noko av funksjonen skriftspråket har som ei felles norm som sameinar dialektane i skrift. Det er verdt på nemna at det vil kunna påverka ein temmeleg stor del av stadnamna dersom det vert uttrykkjeleg opna for å normera stadnamna slik. Dersom namnelekkar som t.d. *fonn*, *holme* og *voll* skulle skrivast *fønn*, *hølme* og *vøll* innanfor dei områda der somme har uttrykt ynske om det, ville det gjera namneverket i dei aktuelle områda så dialektprega at det ville vera vanskeleg å sjå at hovudregelen for normering faktisk er å fylgja gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp. Det kunne i neste omgang gjera det vanskeleg å forsvara bruk av hovudregelen i andre saker der dialektformer står overfor rettskrivingsformer.

Det må òg nemnast at opning av vokalkvaliteten for korte vokalar er eit vanleg trekk i norsk, jf. endringa /i/e/ i nordnorsk, trøndsk og til dels òg i austnorske talemål. Det er ikkje tradisjon for å lata slik vokalopning få konsekvensar for normeringa av stadnamn, og det vil gjera normeringsarbeidet meir komplekst om ein opnar for at dette òg skal vera eit spørsmål ein må vurdera frå sak til sak.

Framlegget om å gjera det uttrykkjeleg tillate å bruka ø for kort o har så vidtfemnande konsekvensar at det vil kunna undergrava hovudprinsippet for normering i lov om stadnamn. Kartverket meiner at o (etymologisk skrivemåte) for kort o og ɔ i gamalnorsk fungerer godt som ortografisk samleform for dei mange ulike vokalnyansane som finst i dialektane, og at det prinsippet bør vidareførast, sidan det både stør opp om både hovudregelen i § 4 fyrste ledd i lova, og omsynet til praktiske skrivemåtar som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet, jf. § 1 fyrste ledd i lova. Forskrifta (§ 3) opnar uansett for at ø for kort o kan nyttast når særlege grunnar talar for det, sjølv om det ikkje står uttrykkjeleg i dei utfyllande reglane.

### 3.10

«Når særlege grunnar talar for det (jamfør 1.9), kan òg lokale dialektformer som ikkje er nemnde ovanfor, nyttast.»

Kartverket føreslår: (bør strykast)

Grunngjeving: Dette står dekkjande nok i § 3 fyrste ledd i forskrift om stadnamn, og treng ikkje eit eige punkt i dei utfyllande reglane. I § 3 står det ikkje som føresetnad at lokale dialektformer må vera nemnde i dei utfyllande reglane (jf. § 15) for å kunna brukast.

### 3.11

«Aksentteikn kan nyttast dersom det er ønskjeleg for å tydeleggjere uttalen (t.d. for å indikere /å/-uttale i Hølevegen).»

Kartverket føreslår: bør strykast

Grunngjeving: Bruken av aksentteikn i stadnamn bør ikkje fremjast gjennom at det vert nemnt i dei utfyllande reglane. Spørsmålet om slike aksentteikn vart lagt fram på samrådsmøtet mellom Språkrådet, Kartverket og Sametinget i 2015, og då var konklusjonen skepsis mot slik bruk. Hovudspørsmålet er om bruken av aksentteikn i norsk er praktisk, jf. § 1 i stadnamnlova. Publikum er lite fortrulege med slike teikn, og er ofte usikre på korleis dei skal skrivast på eit tastatur. Ein vanleg feil er at folk skriv akuttaksent i staden for gravisaksent eller omvendt, noko som markerer motsett vokalnyanse. Når brukarane soleis får problem med rett bruk av gravisaksent over o, er ein nærliggjande konklusjon at ein bør halda att bruken av slik aksentbruk i Sentralt stadnamnregister (SSR) av praktiske omsyn.

I dømet Språkrådet fører opp, Hølevegen, er føreleken ordet hole f. 'holrom', der gravisaksent uansett er ordboksført i norsk. Bruken av gravisaksent er soleis dekt av rettskrivinga i dette tilfellet.

### 4.1.4

«Når særlege grunnar talar for det, kan endingane -e, -o og -å nyttast når dette samsvarar med dialektuttalen. Uttalen /liå/ kan såleis gje skrivemåten *lia* etter rettskrivinga eller *liå* etter dialektuttalen.»

Kartverket føreslår:

«4.1.4 -e når dialektuttalen er -e.

4.1.5 Når særlege grunnar talar for det, kan endingane -o og -å nyttast når dette samsvarar med dialektuttalen. Uttalen /hårjo/ kan såleis gje skrivemåten **Horga** etter rettskrivinga eller **Horgo** etter dialektuttalen. **Endingane -o og -å kan særleg nyttast i usamansette namn og i namnelekkar som består av særmerkte eller lite kjende ord.»**

Grunngjeving: 4.1.4: Endinga -e bør verta ståande i punkt 4.1.4 utan innsnevringa «Når særlege grunnar talar for det», sidan dette i dag er den vanlege og etablerte måten å normera e-endingar i sterke hokjønnsord i midlandsområdet.

Grunngjeving: 4.1.5: For endingane -o og -å er det derimot mykje mindre praksis for å bruka desse i offentleg stadnamnormering. Med få unntak er a-ending og i-ending nytta i heile området med sørvestlandske dialektar. Det er berre praktisert o- og å-ending «når særlege



grunnar talar for det», oftast i usamansette stadnamn og i namnelekkar som består av særmerkte eller lite kjende ord.

Kartverket stør difor at ordlyden for endingane -o og -å på denne måten vert tilpassa den reelle praktiseringa. Dei bør i så fall stå i eit separat nytt punkt 4.1.5, sidan dei etter vårt framlegg får ein annan juridisk status enn -e i punkt 4.1.4. Etterfylgjande punkt må då omnummererast, jf. nedanfor.

#### 4.1.5

«Når særlege grunnar talar for det, kan endingane *-na*, *-ne*, *-ni*, eller *-no* nyttast når dette samsvarar med dialektuttalen. Endar ordet i grunnform på *k* eller *g*, kan likeins *-je*, *-jo* eller *-jå* nyttast når særlege grunnar talar for det, og det samsvarar med dialekten.»

Kartverket føreslår: «4.1.6 ***-na*, *-ne* og *-ni* kan nyttast i sterke hokjønnsord med vokalutlyd** når dette samsvarar med **den nedervde, lokale uttalen**.

4.1.7 Når særlege grunnar talar for det, kan **endingane *-no* eller *-nå*** nyttast når dette samsvarar med dialektuttalen. Endar ordet i grunnform på *k* eller *g*, kan likeins *-je*, *-jo* eller *-jå* nyttast når særlege grunnar talar for det, og det samsvarar med **den nedervde, lokale uttalen**.»

Grunngjeving: 4.1.6: Det er etablert praksis over lang tid å normera med formene *-na* og *-ni* i sterke hokjønnsord, og desse formene har stor geografisk utbreiing, slik at dei må reknast som regionale samleformer. Desse endingane går attende på ei akkusativ-ending i gamalnorsk, og har soleis òg støtte i punkt 3.8. Dersom ein reknar *-e* som ei fullverdig regional samleform, slik Kartverket føreslår under punkt 4.1.4, bør endinga *-ne* òg reknast som ei fullverdig regional samleform.

Grunngjeving: 4.1.7: Formene i vårt framlegg til nytt punkt 4.1.7 står att dersom ein handsamar dei formene som er nemnt under våre framlegg til nye punkt 4.1.4 og 4.1.6 som regionale samleformer. Formene *-no* og *-nå* kjem då på lik linje med formene *-o* og *-å* i det Kartverket føreslår som nytt punkt 4.1.5 ovanfor.

(«Dialektuttalen» bør endrast til «den nedervde, lokale uttalen» dei fleste stader der dette uttrykket vert brukt i dei utfyllande reglane, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Kartverket har ikkje påpeikt eller endra dette alle stader der det er aktuelt.)

#### 4.2.3

«Når særlege grunnar talar for det, kan endingane *-a*, *-u*, *-o*, *-å* nyttast i jamvektsord i trøndsk og austlandsk i samsvar med dialektuttalen. Døme: *stova/stua/stugua/stogo/stågå*.»

Kartverket føreslår: (bør strykast)

Grunngjeving: Skrivemåtar som *stogo* og *stågå* vert likevel ivaretekne av det som står om jamvektsformer i pkt 3.2, der det står at «rotvokalen og den trykklette vokalen i andrestavinga [kan] skrivast i samsvar med dialektuttalen». Når sjølve jamvektsforma er ubøyeleg i eintal, og bunden form i staden får tillegget *-a*, kjem t.d. *stugua* inn under det som står i punkt 4.2.1.

#### 4.2.4

«Når særlege grunnar talar for det, kan endingane *-o* og *-å* nyttast i samsvar med dialektuttalen. Døme: *holo*, *holå*.»

Kartverket stør endringa. Det er i samsvar med vanleg normeringspraksis i området med dette målmerket at o- og å-endingar berre vert nytta unntaksvis i normeringa av stadnamn, og desse formene kjem då på lik linje med formene Kartverket føreslår i nye punkt 4.1.4 og 4.1.7 ovanfor. Dersom Språkrådet tek inn framlegget vårt til tilleggspresisering i punkt 4.1.4, kan det same ev. gjerast her. Kartverket føreslår då fylgjande tillegg:

**«Endingane -o og -å kan særleg nyttast i usamansette namn og i namnelekkar som består av særmerkte eller lite kjende ord (Svadda/Svaddo).»**

### 4.3

«Svake hankjønnsord kan i bunden form eintal få desse endingane:»

Kartverket føreslår:

«**Hankjønnsord** kan i bunden form eintal få desse endingane:»

Grunngjeving: Dersom skrivemåten i bunden form skal nemnast uttrykkjeleg i dei utfyllande reglane, bør regelen gjelda alle hankjønnsord, og ikkje berre linne hankjønnsord. Sjå òg 4.3.2 nedanfor.

#### 4.3.2

«Når særlege grunnar talar for det, kan endinga *-in* nyttast i samsvar med dialektuttalen. Døme: *bakkin*, *hagin*.»

Kartverket føreslår:

«**-n i jamvektsord. Døme: Hagan.**»

Grunngjeving: Vokalvariasjonen i bunden form av hankjønnsord er stor, og går frå open æ-uttale til trong i-uttale, med mange mellomvariantar, t.d. trong e (é) og open e (è), i tillegg har ein bortfall av vokal til fordel for stavingsberande n mange stader, t.d. /stèin'n/. Dette er eit dialekttrekk der det kan vera stor variasjon frå stad til stad, mellom ulike ord ut frå dei lydlege omgjevnadene dei står i, og det kan variera mykje mellom generasjonar. Kartverket meiner at denne variasjonen kan rommast med bruk av skrivemåten *-en*, slik det er tradisjon for i norsk skriftspråk, og at det vil vera uhandterleg å prøva å identifisera ulike nyansar av lydvariasjon i trykklett staving mellom e og i, der det kan finnast mange mellomlydar som anten ligg nærmast e eller i. I dialekttoppskrifter og uttaleopplysningar for stadnamn kan dette uttaletrekket òg vera mangelfullt markert, t.d. i Norske Gaardnavne.

Eit anna moment som talar imot *-in* i bunden form av hankjønnsord, er at endinga *-in* er innarbeidd som ending i bunden form av sterke hokjønnsord, t.d. *tjønnin* for *tjørnene*, jf. punkt 4.4.1.4. Dersom ein innfører *-in* for sterke hankjønnsord i eintal i tillegg, vil det vera vanskeleg sjølv for personar med høg dialektkompetanse å avgjera om t.d. namn på *-tjønnin* og *-randin* identifiserer éi tjørn / éin rande eller fleire tjørner / fleire randar. Dette syner faren med å introdusera fleire ulike dialektsystem i eitt stort namneverk, det kan tilsløra tilhøvet mellom namnet og tilhøyrande namneobjekt. Det er noko Kartverket ikkje ynskjer.

I staden for å tillata *-in* i bunden form eintal, føreslår Kartverket at endinga *-n* vert teken inn att frå kommentarane til forskrifta som galdt fram til dei vart avløyste av dei utfyllande reglane i 2018. Etter det Kartverket kan sjå, gjeld bruken av endinga *-n* helst i bunden form av jamvektsord, t.d. *hagan* av *haga*, og det bør difor presiserast at dette gjeld jamvektsord, slik at det ikkje vert teke til inntekt for andre tilfelle, t.d. *\*Hammarn* for *Hammaren* eller *\*Volln* for *Vollen*.

#### 4.4.2

«Inkjekjønnsord som i bunden form fleirtal har samanfall med bunden form eintal av sterke hokjønnsord, kan få same ending som dei. Døme: *fjella, fjelli, fjellå.*»

Kartverket føreslår: «Inkjekjønnsord som i bunden form fleirtal har samanfall med bunden form eintal av sterke hokjønnsord, kan få same ending som dei. Døme: *fjella, fjelli, fjelle.*»

Grunngjeving: Endingane her bør samordnast med det som står om endingar i bunden form eintal av sterke hokjønnsord, sidan desse endingane vanlegvis fylgjer kvarandre. Kartverket føreslår her at endinga -e vert rekna som fullgod regional samleform òg i bunden form fleirtal av inkjekjønnsord, slik praksisen i dag er i midlandsområdet.

#### 4.4.3

«Når særlege grunnar talar for det (jamfør 1.9), kan skrivemåtane -*adn(e)*, -*edn(e)*, -*idn(e)*, -*udn(e)*- eller -*atn*, -*etn*, -*itn* og -*utn* nyttast i samsvar med dialektuttalen.»

Kartverket føreslår: (bør strykast)

Grunngjeving: Endingar av denne typen har eit veldig lokalt preg, og dei kan vera vanskelege å tolka, oppfatna og skriva for folk som ikkje er kjend med dette spesifikke dialekttrekket.

Normeringa av stadnamn bør skje på ein slik måte at namna vert enkle å bruka for folk frå heile landet, utan at det krevst spesialkunnskap om dei dialekttrekka som normeringa prøver å gje att i skrift.

Talemålet har sine reglar, medan talemålet kan fylgja andre reglar, og i dette tilfellet kan det vera tilrådeleg å halda dei to storleikane frå kvarandre av praktiske omsyn, jf. § 1 fyrste ledd i lov om stadnamn. Språkrådet listar opp mange ulike dialektformer i punkt 4.4, og det ville vera tilrådeleg om Språkrådet i eit oppsett for normering prøvde å halda seg til nokre hovudformer i staden for å opna for nesten all dialektvariasjon som finst i bøyingsverket i norske dialektar.

## 5

«Når ei opphavleg dativform av eit namn er eineform, bør dativforma brukast. Det gjeld først og fremst dativ fleirtal, som kan få endinga -*o*, -*om* eller -*um* i samsvar med dialektuttalen. Døme: *Geilo, Haugom, Sveum.*»

Kartverket føreslår:

«**Dativforma av eit namn bør brukast når ho er eineform, men elles bør ein bruke nemneforma. Dativ fleirtal får** endinga -*o*, -*om* eller -*um* i samsvar med **den nedervde, lokale uttalen**. Døme: *Geilo, Haugom, Sveum.*»

Grunngjeving: Kartverket føreslår at ordlyden vert forenkla og lagd nærmare ordlyden i dei gamle kommentarane til forskrifta, som hadde ordlyden «Når dativforma er eineform, bør ho brukast. Dativ fleirtal får endinga -*o*, -*om* eller -*um* etter dialektuttalen.» Den «opphavlege» dativforma av namn i dativ fleirtal er alltid -*um* i gamalnorsk, så Kartverket meiner at «opphavleg» ikkje bør med i ordlyden. Dativ eintal, t.d. *Eide* av *eid*, bør reknast som likeverdig med dativ fleirtal, difor bør det ikkje stå at regelen «først og fremst» gjeld dativ fleirtal. «Dialektuttalen» bør bytast ut med «den nedervde, lokale uttalen» i samsvar med ordlyden i § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.

Det er vanleg praksis at ein som hovudregel nyttar nemneforma i område der dativ framleis er levande i dialektane, slik at dialekten har ei veksling mellom nemneform og dativ i namnet. Det bør koma uttrykkjeleg fram i denne føresegna. Bruken av «bør» vil opna for unntak der det er særlege grunnar til det.

## 6

Kartverket stør at dei nye føresegnene i punkt 6.1 og 6.2 vert tekne inn i dei utfyllande reglane. Dei inneheld viktige presiseringar som samsvarar med praksis i dag, men som har mangla ein konkret heimel. Kartverket føreslår at strukturen i punkt 6 vert endra litt, slik at fyrste avsnitt vert kalla 6.1, andre avsnitt vert kalla 6.2, og at dei to siste avsnitta vert omnummererte til 6.3 og 6.4.

Grunngjeving: Regelen i andre avsnitt er ein av dei utfyllande reglane som Kartverket refererer oftast til i namnesaker. Det vil vera mest praktisk om Kartverket kan referera direkte til 6.2 i staden for å skriva «punkt 6, andre avsnitt»

### 6., andre avsnitt

«Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med det mønsteret for samanbinding som kjem til uttrykk i den munnlege stadnamntradisjonen i området. Døme: *Kristiansandsfjorden, Oslofjorden, Viksfossen, Strandvikfjellet, Vikafjellet, Vikefjell*. Andre døme på aktuelle samansetningar er namneformer med ja-fugar (som *Engjabø* og *Øykjaskar*), namn med ar-fugar (som *Liarhaug* og *Lagareidet*) og namn med jar-fugar (som *Hyljarås* og *Bekkarvik*). Somtid kan faste samansetningar skrivast med bindestrek, t.d. *Ner-Kalvika*.»

Kartverket føreslår:

«Ein **skal som hovudregel** nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med **den nedervde, lokale uttalen**. Døme: *Kristiansandsfjorden, Oslofjorden, Viksfossen, Mulvikgarnet, Vikafjellet, Vikfjell, Vikefjell*. Somtid kan faste samansetningar skrivast med bindestrek, t.d. *Ner-Kalvika, Henrik Jensa-neset*.»

Grunngjeving: Framlegget til ny ordlyd i punkt 6 er noko tung og omstendeleg. Kartverket ynskjer ein kort og konsis tekst som er lett å forstå, og som kan siterast i fulltekst i namnesaker. Kartverket føreslår difor ein kortare ordlyd basert på den gamle teksten, men der «bør» er bytt ut med «skal som hovudregel», og der «dialektuttalen» er bytt ut med «den nedervde, lokale uttalen», det siste i samsvar med ordlyden i § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Samansetningsmåten må reknast som ein fullverdig del av eit stadnamn, og regelen om samansetningsmåte har stort sett vorte handheva som ein «skal-regel» sidan lova tredde i kraft, ikkje som ein «bør-regel». Tillegget «som hovudregel» vil opna for at ein framleis kan praktisera unntak der det er særskilde grunnar til det, slik ein òg gjer i dag.

Det er ikkje naudsynt med ei utfyllande opplisting av ulike samansetningsfuger. Dersom det likevel skal stå fleire døme, bør t.d. «ja-fugar» endrast til «ja-fuger» i samsvar med rettskrivinga.

### 6.1

«Det er vanleg i norsk ord- og namnelaging at tillegg som øvre, nedre, ytre og indre står framom dei namna som dei er knytte til. Ein bør derfor nytte namneformer som *Øvre Moen, Nedre Li, Ytre Dalen* og *Indre Haug*, ikkje *Moen øvre, Moen Øvre, Li nedre* og så vidare.»

Kartverket føreslår:

«**Tillegg som Øvre, Nedre, Ytre og Indre skal som hovedregel stå framom dei namna som dei er knytte til.** (Øvre Moen, Nedre Li, Ytre **Dalen**, ikkje Moen øvre, **Li** nedre, **Dalen ytre**.)»

Grunngjeving: Kartverket stør at denne føresegna kjem inn, men ordlyden bør endrast litt frå å vera delvis deskriptiv til å vera normativ, slik at regelen kjem alt i fyrste setninga. Regelen bør òg styrkjast frå å vera ein bør-regel til ein skal-regel, noko som er i tråd med vanleg praksis i dag. Med ordlyden «som hovedregel» vil ein likevel opna for unntak der særlege grunnar talar for det. Døma og motdøma til slutt bør bestå av dei same namna.

## 6.2

«Mange namn har bunden form, men i tradisjonell namnelaging inngår stammeforma, ikkje den bundne forma, i samansett namn: *Stokkan*, men *Stokkgjerdet*; *Mandalen*, men *Mandalselva*. Dette mønsteret bør som hovedregel følgjast i nylaga namn (t.d. adressenamn og tunnel- og brunamn).»

Kartverket føreslår:

«**Endinga i bunden form skal som hovedregel falle bort i samansette namn i samsvar med det lokalt nedervde mønsteret for namnelaging i tilsvarande namn på staden** (*Stokkan*, men *Stokkgjerdet*; *Mandalen*, men *Mandalselva*, ***Byåsen***, men ***Byåsveien***, ***Breivika***, men ***Breiviktunnelen***).»

Grunngjeving: Same grunngjeving som i punkt 6.1 ovanfor. Dei utfyllande reglane gjeld for alle stadnamn i offentleg bruk, nye som gamle, og det er difor ikkje naudsynt å presisera at dette punktet særskilt gjeld for nylaga adresse-, tunnel og brunamn.

Med venleg helsing

Kristin Bjerkestrand Eid  
Juridisk direktør

Elin Rundhaug Johannessen  
Juridisk rådgjevar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.